

# Referat- Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område

Dato: 08.01.18 kl. 11.00

Stad: Luster Rådhus, Gaupne

Følgjande medlem møtte: Lasse Sælthun (Fortidmsinneforeninga Sogn og Fjordane), Per Jørgen Loen (Solvorn bygdalag), Jon Olav Kvamme (Sogn og Fjordane fylkeskommune, Grete Bugge (Samarbeidsgruppa for grendalaga på Sørsida), Marit Aakre Tennø (Luster kommune)

Som bisittarar/ observatørar møtte: Jon E. Tamnes (Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane), Torunn Løne Vinje (Luster kommune), Elin Dalen (Riksantikvaren), Ola H. Fjeldheim (Fortidsminneforeningen)

Verdsarvkoordinator Sofie Klemetzen

Fråfall: Elin Hauge, Åshild Kjelsnes, Morten Rørstadbotten Margrete Stang, Arlen Bidne

---

## SAKSLISTE

### 01/2018 Godkjenning av referat, møteinkalling, saksliste

Vedtak: Referat, møteinkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.

### 02/2018 Val av ordstyrar

Vedtak: Marit Aakre Tennø vart vald som ordstyrar

### 03/2018 Orienteringssaker

- Sofie orienterte om status for organisering av verdsarvforum 2018.
- Sofie orienterte om status for forprosjektgruppa for verdsarvsenter på Ornes
- Sofie orienterte om status på arbeidet med buffersoneplan

Kommentar til orienteringssaker v/ Torunn: Kommunen har lagt trafikkanalyse for aksjen Galden-Solvorn-Skjolden i sitt planleggingsprogram for 2018. Dette arbeidet bør verte sett i samanheng med buffersoneplan og arbeid med verdsarvsenteret

### 04/2018 Organisasjonsform

Bakgrunn: Det har lokalt vore etterlyst eit organisasjonsnummer for verdsarvarbeidet. Dette vart diskutert i Verdsarvrådet 19.09.17. Det vart då framheva at det er viktig å sikre lokal eigarskap til verdsarvarbeidet, og at verdsarvarbeidet bør ha rammer som gir koordinator reelt handlingsrom. Rådet vart samde om at Verdsarvrådet skal vere forumet der diskusjonar skal takast, og at ein organisasjon skal vere ein utøvande organisasjon underlagt rådet sine vedtak.

Verdsarvrådet avgjorde at Rådsleiar, verdsarvkoordinator og Fortidsminneforeningen skulle freiste å verte samde om ei enkel organisasjonsform som alle kan stille seg bak. Etter å ha undersøkt moglege former, meiner vi at ei foreining er ein organisasjonsform som oppfyller dette. For å opprette ei foreining krevjast det ein leiar og ein kasserar. Foreininga er sjølvstyrt, og svarer til sine vedtekter.

#### Vedtak:

- 1) Verdsarvrådet vedtok å opprette ei foreining, og tar på seg rolla som styre i denne foreininga. Leiar av verdsarvrådet går inn som leiar av foreininga, og verdsarvkoordinator som sekretær.
- Skipingsmøte vert halden 5.02.18
- 2) Rådet godtok framlegg til vedtekter etter nokre endringar gjort i plenum (sjå vedlegg 1)

#### **05/2018 Visuell profil**

Bakgrunn: Oktan Orangeriet har på oppdrag frå Verdsarvrådet for Urnes og tilhøyrande område, utvikla framlegg til visuell profil for Verdsarven Urnes. Ei arbeidsgruppe beståande av Jon Tamnes, Lase Sælthun, Grete Bugge, Per Jørgen Loen, Arlen Bidne og Sofie Klemetzen, har arbeidd i lag med designar Stine Karlsen. Tre framlegg vart presentert for gruppa i desember 2017.

Vedtak: Verdsarvrådet valde å gå vidare med alternativ 1. Rådet ønskjer å sjå korleis logoen ser ut stilt opp i lag med andre logoar, og korleis endring på bokstavrekkefølgja vil påverke produktet

#### **06/2018 Søknad om stønad frå Solvorn bygdalag**

Bakgrunn: 22.- 24. September 2017 arrangerte Solvorn bygdalag arrangementet *Strandsitjardagane*. Tema for årets arrangement var "verdsarv". Det vart sett fokus på verdsarven og kyrkja gjennom fleire arrangement. Solvorn bygdalag søker no om hjelp til å dekke utgiftar knytt til arrangementet. Verdsarven Urnes fekk i 2016 løyvingar på kr 40.000,- (Riksantikvaren) og kr.10.000,- (Luster kommune) til "verdsarvdagar". Av desse er 20.000,- disponerte.

Vedtak: Rådet bruker av dei resterande midlane til "verdsarvdagar", og gir positivt svar på søknaden frå Solvorn bygdalag, dei får 10.000,-.

Rådet står prosjektet, men i framtida ønskjer rådet å stø opplegg som er utan inngangskostnad, og som er allment tilgjengeleg.

## **07/2018 Prioriteringar 2018**

Bakgrunn: Når vi no går inn i eit nytt år, er det fleire oppgåver som ligg framom oss. Det er nokre store prosessar, og nokre konkrete prosjekt.

Prosjekt vi er i gang med, er turskiltprosjektet og utstillinga i skulehuset. Turskiltprosjektet er godt på overtid, og bør ideelt sett vere ferdigstilt før sommarferien, eller i løpet av denne. Om vi ikkje greier dette i år, bør midlane verte betalt attende. Utstillinga i skulehuset ligger vi betre an med, men også denne bør vi ha som mål å ferdigstille innan ny turistsesong.

Av større prosessar som vil krevje tid og ressursar, er det særleg arbeidet med å samanfatte planarbeid- buffersoneplanen, og forprosjektet til verdsarvsenteret. Indikatorarbeidet vil også krevje ein del innsats. 7.-9.mai skal Urnes og Luster vere vertskap for verdsarvforum 2018. I tida fram mot dette, vil det falle ein del oppgåver knytt til arrangementet på koordinator.

Alt i alt vil det vere nok å ta tak i, særleg fram mot sommaren, og verdsarvkoordinator ber difor rådet om klåre prioriteringar.

På den eine sida vil det vere viktig for lokalsamfunnet at dei pågåande prosjekta kjem i hamn. Dette for å syne at det skjer ting, og at prosessar dei vert dregne med i-faktiske leiar nokon stad. Det er også eit stort gode for dei vitjande.

På den andre sida, er det viktig å arbeide med å drive prosessen rundt verdsarvsenter vidare. I den nasjonale politikken ligg vi inne for autorisering i 2019, og vi bør ha som mål å sende inn ein søknad i tide. Dette vil krevje mykje arbeid.

### Vedtak:

1. Rådet søker i utgangspunktet ikkje midlar til nye prosjekt i 2018. Det er viktigare å fullføre det vi har starta på.
2. Rådet søker om midlar til å finansiere ei ungdomsstilling for skjøtsel på Ornes.

Rådet gir følgjande råd og prioriteringar: Arbeid med buffersoneplan, planplanar og verdsarvsenter, samt arbeidet med turskilting og utstilling i skulehuset skal verte prioritert. Fortidsminneforeningen har ein nytilsett på formidlingssida, som kan vere ein ressurs i arbeidet med tekstproduksjon. Marit og Per Jørgen tar seg av- i lag med Elin H(?)- å organisere deltakarar til program og kulturelle innslag i samband med verdsarvforum.

## **08/2018 Møteplan**

Møter i Verdsarvrådet for Urnes og tilhøyrande område 2018:

Skipingsmøte for foreininga "Verdsarven Urnes og tilhøyrande område": 5.februar, Gaupne

Verdsarvråd: 8.mai, Skjolden (Verdsarvforum 2018)

Verdsarvråd: 24.09

Verdsarvråd: 19.11

## **09/2018 Indikatorarbeid**

Bakgrunn: KLD har bede om at arbeidet med å innføre indikatorar for verdsarven skal setjast i gong. Det stiller krav til identifisering av verdsarvverdiar på område- og objektnivå, strukturert tematisk og basert på attributtane som formidlar verdsarverdiane.

I løpet av 2018 skal verdiane og attributtane vere definerte, indikatorar skal verte definerte på bakgrunn av attributtane, og indikatorane skal takast i bruk (sjå vedlegg 5)

Kommentar: Indikatorarbeidet går hand i hand med buffersoneplanarbeidet. Det er naudsynt å definere oppsluttande verdiar, og lage ei risiko-sårbarheitsanalyse

Vedtak:

Sofie og Jon utarbeider eit framlegg, og sender ut på innspelsrunde.

## **10/2018 Diverse**

Riksantikvaren v/Elin informerte om at verdsarvplakett til Urnes er under produksjon. Verdsarvrådet ønskjer å legge avdekking til verdsarvforum. Kven skal verte invitert?

Fortidsminneforeningen vil søkje midlar over post 79 til tjørereiing av kyrkja. Rådet er orientert.

Luster kommune vil søkje midlar til trafikkanalyse. Rådet er orientert.

Sofie Klemetzen,  
Verdsarvkoordinator

Vedlegg 1: Vedtekter for Verdsarven Urnes